

**KONTROLLUTVALET I  
ØRSKOG KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 27. august 2013 kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Egil Vestre og Inga Helen Støversten

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen som var tilstades under behandlinga av sak 13/13, 14/13, 15/13, 16/13 og 17/13  
Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling og rådmann Synnøve Vasstrand Synnes

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 12/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 8. MAI 2013**

**Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:**

Møtebok frå møte 8. mai 2013 blir godkjent.

**SAK 13/13**

**ORIENTERING OM HJELLEREITVEGEN – REGELVERKET OM OFFENTLEGE ANSKAFFELSAR**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.08.2013

**Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:**

Kontrollutvalet viser til notat av 19.08.2013 om tilhøvet til anskaffelsesregelverket når det gjeld dei aktuelle anskaffelsane innan anleggssektoren og ber om administrasjonen sin uttale, jfr. kommunelova § 77 nr. 6. Saman med uttalen ber ein om å få oversendt dokumentasjon som viser at prinsippa om gjennomsiktigkeit og etterprøvbarheit er oppfylte i prosessen.

**SAK 14/13****DIREKTEKJØP I ØRSKOG KOMMUNE – B-SAK**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.08.2013

Det vart fremma forslag om å lukke møtet under behandlinga av denne saka med heimel i kommuneloven § 31 nr. 2 og 4, jf forvaltningsloven § 13 nr. 1. Ved votering vart dette samrøystes vedteke.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir å oversende kommunestyret.

**SAK 15/13****PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.08.2013

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

I prioritert rekjkjefølgje av forvaltningsrevisjonane det er lagt opp til (1 – 2), er det gjort slik rangering:

1. Intern styring og kontroll
2. Sakshandsaming/vedtaksoppfølging

Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinhald innanfor dei tema som kommunestyret gjer vedtak om.

**SAK 16/13****BUDSJETT 2014 – ØRSKOG KONTROLLUTVAL**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.08.2013

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 30.000 kroner.

**SAK 17/13****LEKKASJE FRÅ LUKKA KONTROLLUTVALMØTE** (Saka kom opp under eventuelt)

Leiar orienterte om at han av ein privatperson i det offentlege rom hadde blitt konfrontert med uttalar som skulle vere gjort under forhandlingane i eit kontrollutvalmøte før desse møta vart opne møte. Informasjonen hadde blitt gitt til denne personen av ein kommunal tenestemann som sjølv ikkje var tilstades på møtet.

**Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:**

Kontrollutvalet finn forholdet uakseptabelt og ber rådmannen ta dette opp med vedkomande tenestemann.

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign)

Egil Vestre  
nestleiar  
(sign.)

Inga Helen Støversten  
medlem  
(sign.)